

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
017.7	Knut Øyjordet	18.03.24	11/24

## SØKNAD OM FORNYING AV HAMNELEIGEKONTRAKT FOR 2024-2033 – VÅGÅ TAMREIN AS

### Saksdokument:

1. Sak 6/24 i fjellstyret.
2. Hamneleigekontrakt 2014 – 2023.
3. E-post frå Langmorkje almenning av 01.02.24 til fjellstyret.
4. E-post frå Jon Gustav Bjørnstad og Aslak Haugen av 27.02.24 til fjellstyret.
5. E-post frå Landbrukskontoret i Sel og Vågå av 28.02.24 til fjellstyret.
6. E-post frå Jotunfjell-Fjordane elghundklubb av 02.03.24 til fjellstyret.

### Saksutgreiing:

Ang. søknad frå Vågå Tamrein AS om fornying av beiteleige vedtok fjellstyret i sak 6/24: *Fjellstyret er innstilt på å inngå ei ny tiårskontrakt med Vågå Tamrein A/S om beite i Langmorkje statsallmenning. Fjellstyret vil starte prosessen med å kalle inn Vågå Tamrein til eit møte. For fjellstyret møter leder Hans Petter Vaberg, nestleder Rikard Odnes og dagleg leder Knut Øyjordet. Desse skal utarbeide eit forslag til ny kontrakt som fjellstyret skal behandle. Saka vil bli forvarsla og vedtak om forslag til ny kontrakt vil bli lagt ut til offentleg ettersyn på vanleg måte. Inntil ei ny kontrakt er stadfesta, kan gjeldande kontrakt vidareførast frå 01.01.2024.*

Gjeldande hamneleigekontrakt (2014-2023) er slik:

Med heimel i § 17 i ”Lov av 6. juni 1975 nr. 31, om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane”, leiger Vågå fjellstyre bort tamreinbeite til Vågå Tamrein AS, og etter desse vilkåra:

1. Beiteområdet omfattar heile Langmorkje statsallmenning med unntak av dei områda som har barskog.
2. Dei områda av statsallmenningen som til vanleg blir beita med bufe, kan ikkje beitast med tamrein i tida frå og med 15. mai til og med 15. september. Sør for Griningsdalsvegen og sør/aust for Sjoa gjeld datoen i tida frå og med 20. juni til og med 15. september.
3. Hamneleiga følgjer prisen på reinskjøtt etter følgjande forhold:  
For den reinen som laget har i produksjonsflokk, dvs. talet på rein etter vinterslaktinga, skal leiga utreknast slik: kr. 1,35 pr. dyr og år gange heilvektsprisen pr. kg kjøtt levert slakteplass (eller leveringsplass for levande transport), rekna etter gjennomsnittspris for siste års slakting.  
Leigeprisen gjeld i tre år frå 01.01.2014 til 31.12.2016. Kvart tredje år, fyrste gong med verknad frå 01.01.2017, har partane rett til å forhandle om ny pris.  
Leigesummen for kvart år skal ukravd betalast med kr. 150.000,- innan 1. oktober, og det resterande innan 15. februar året etter.  
Fjellstyret skal for kvart år ha tilsendt årsmelding og rekneskap til Vågå Tamrein AS.

4. Ved teljing, merking og slakting av rein tek fjellstyret atterhald om rett til å vera representert med ein person for kontroll. Fjellstyret v/fjelloppsynet skal bli varsla i god tid før slikt arbeid skal utførast.
5. All skade som oppstår både i og utanfor beiteområdet i samband med tamrein er Vågå Tamrein AS sitt ansvar. Vågå Tamrein AS pliktar å påleggje gjetarane til å vera påpasselege i arbeidet sitt, slik at dei som har seterkve/dyrkingsparsell, dei som nyttar seterarbeite eller andre driftsmåtar i fjellet, ikkje blir påførde skader eller ulemper av tamreinen.
6. Tamreinlaget skal ha rett til å reise flyttbare anlegg for merking av kalv og anna arbeid på dei stadene innan området der dette er nødvendig. For reising av hus og andre meir varige anlegg, vegbygging og liknande må tamreinlaget ha løyve frå Statskog SF.
7. Vågå Tamrein AS pliktar til kvar tid å halde ettersyn med reinstrøer og gjerde i det leigde området, slik at desse blir godt vedlikehalde og ikkje blir til fare eller hindring for bufe og annan ferdsel. Det skal til kvar tid vera reint og ryddig ved hytter, reinstrøer og slakteplassar.
8. Dei fast tilsette gjetarane i tamreinlaget skal ha rett til å nytte snøscooter under sitt arbeid med reinen. Dersom det utover dei fast tilsette er behov for å leige ekstra mannskap med snøscooter eller anna motorisert framkomstmiddel, skal fjellstyret v/fjelloppsynet varslast i kvart enkelt tilfelle.  
For nødvendige installasjonar og anlegg, samt kjøring i Jotunheimen nasjonalpark må det innhentast særskild løyve frå forvaltningsstyresmakta for nasjonalparken.
9. Vågå Tamrein AS kan ikkje drive framleige av beite. Dersom fjellstyret ønskjer å leige ut beite for tamrein til andre, skal Vågå Tamrein AS ha rett til uttale.
10. Denne kontrakten gjeld i 10 år frå 1. januar 2014 og avløyser kontrakten av 1. januar 2004. Vågå Tamrein AS kan i leigetida seie opp denne kontrakten med eitt års varsel. Fjellstyret og Vågå Tamrein AS har rett til å ta opp forhandlingar om endring av punkt i kontrakten i løpet av avtaleperioden.
11. Dersom Vågå Tamrein AS av ein eller annan grunn går til avvikling, eller vil avhende faste installasjonar som t.d. hytter, skal fjellstyret ha fyrsteretten til ei eventuell overtaking av desse etter takst.
12. I tilfelle misleghald av, eller tvist om forståinga og tolkinga av kontrakten, skal tvisten avgjerast av ei nemnd på tre personar der kvar av partane oppnemner ein representant, og sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdal er leder.

Saka om fornying av hamneleigekontrakta har vore forvarsla på heimesida til fjellstyret, samt at beitelaga har vorte varsla på e-post. Det har kome fire innspel/merknader i saka, frå Langmorkje almenning, frå Jon Gustav Bjørnstad/Aslak Haugen, frå landbrukskontoret i Sel og Vågå, og frå Jotunfjell-Fjordane elghundklubb.

Langmorkje almenning skriv m.a. følgjande:

*Langmorkje almenning er kjent med at Vågå fjellstyre nå skal forhandle ny hamneleigekontrakt med Vågå Tamrein AS. I punkt 1 i den gamle kontrakta står det «Beiteområdet omfattar heile Langmorkje statsallmenning med unntak av dei områda som har barskog». Som vi alle partar er kjent med, har ikkje dette punktet vorte overhalde dei siste vintrane, og seinast i møte mellom oss og Vågå Tamrein AS i fjor vinter blei denne problematikken tatt opp. Vågå Tamrein AS ville da ta diverse grep for å forhindre at dette skulle skje igjen. Dessverre så har vi dette problemet også denne vinteren.*

---

Adresse	Telefon	E-post	Heimeside
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	<a href="mailto:vaga@fjellstyrene.no">vaga@fjellstyrene.no</a>	<a href="http://www.vaga-fjellstyre.no">www.vaga-fjellstyre.no</a>

*Vi ber derfor om at Vågå fjellstyre under punktet som har med barskog å gjera, presiserer viktigheten av å ikkje la reinen beite i barskogen vår. Skjer dette igjen må straffereaksjonar vurderast, og dette må vera med i punktet. Langmorkje almenning vil følgje nøye med framover kvar reinen oppheld seg.*

I merknadene frå Jon Gustav Bjørnstad og Aslak Haugen står det m.a. følgjande:  
*Underteikna har setrer i Sjolie og Borkhus (Sallie) som ligg på austsida av Sjoa i Sjodalen. Båe driv relativt stort og aktivt med mjølkeproduksjon, og hentar ein betydeleg andel av forgrunnlaget i fjellet. Slik det er no er verken punkt 1 eller punkt 5 i den gamle hamneleigekontrakta godt nok ivaretatt av Vågå Tamrein AS. Store flokkar med rein oppheld seg i lange periodar, både om våren og hausten, inne på seterkveene og beiter ned avlinga som heller skulle vore nytta heime. Trakk- og graveskader på ny eng er òg eit stort problem. Jordvegen blir tatt opp att jamleg av båe, og det fører truleg til at områda blir enda meir attraktivt for reinen. Det er frustrerande og særst lite motiverande å bruke mykje tid og ressursar på fjelljorda når avlinga blir øydelagt av reinen. Totalt er det eit betydeleg avlingstap for oss.*

*Det verkar som at opphaldstida til reinen nede i Sjodalen berre blir lengre og lengre for kvart år, kontra i snauffjellet der den eigentleg skal vera. Kva er grunnen til dette? Vi har ikkje noko fasitsvar på kva som kan gjerast for å hindre rein å trekkje ned i Sjodalen, men synest det er viktig å seie frå om denne problematikken, nå som hamneleiga skal fornyast.*

Landbrukskontoret i Sel og Vågå ved skogbruksansvarleg og landbrukssjefen skriv m.a. følgjande:

*I mange år har beiteskader frå trekkelg på vinterbeite vore eit kjent problem for å få opp att ungskog i Murudalen og i Langmorkje. I dei siste åra er landbrukskontoret blitt kjent med at tamreinsflokkane frå både Vågå og Lom har hatt tilhald i barskogen nede i Sjodalen periodar av hausten og vinteren. Når flokkane går i gjennom eit plantefelt og/eller har tilhald her over fleire dagar vil dette nødvendigvis føre til store skadar på foryngelsen ved at reinen både trakkar ned, et og skubbar seg på foryngelsen.*

*Tamreinen saman med elgen er eit problem for å få opp att tilfredsstillande foryngels på skogen i enkelte område i Heimfjellet/Sjodalen. Ber om at det gjennom revidering av hamneleige blir sett større fokus på å halde reinen ute av barskogen, og da særleg i dei områda som er under forynging/produktiv skog. Under flytting av reinen bør det takast hensyn til plantefelt, slik at reinen ikkje blir gåande i plantefelt over tid. Skog og tre er ein fornybar ressurs som har ein svært viktig og positiv klimaeffekt som karbonbindar og -lager. Med betre tømmerprisar enn på lenge, er skogen i tillegg ein stor økonomisk ressurs for Langmorkje og Vågå.*

I innspelet frå Jotunfjell-Fjordane elghundklubb står det m.a:

*På årsmøtet vårt hadde vi ei uformell drøfting om temaet. Frå klubben si side er det viktig å formidle at vi støtter tiltak som tilrettelegg både for villrein og tamrein, herunder gode beiteavtaler for tamreinlaga. Vi vil likevel problematisere temaet tamreinbeiting i barskogbeltet, som etter vårt syn er lite ønskelig og til dels uheldig med tanke på næringsstilgang og store nok område til beiting både for husdyr, tamrein og vilt (elg og hjort). Vi håper det er mulig å få til avtale som minimaliserer interessekonflikter mellom jakt/fangst/husdyrbeiting/tamreinbeiting.*

---

Adresse	Telefon	E-post	Heimeside
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	<a href="mailto:vaga@fjellstyrene.no">vaga@fjellstyrene.no</a>	<a href="http://www.vaga-fjellstyre.no">www.vaga-fjellstyre.no</a>

Det vart nyleg (4. mars) halde eit møte mellom fjellstyret («forhandlingsgruppa») og Dag Inge Bakke, Pål Arne Snerle og Ola Vaagaasarøygard frå tamreinlaget. Det vart tatt ein gjennomgang av gjeldande kontrakt, samt gjort «sonderingar» ang. ønskje om eventuelle endringar. Dette vil det bli orientert om i møtet, samt forslag frå gruppa til ny avtale og med grunngeving ang. endringar.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Vågå fjellstyre viser til vedtak i sak 6/24 og stiller seg positiv til at det kan bli halde fram med tamreindrift i Langmorkje statsallmenning, ved å fornye hamneleigekontrakta med Vågå Tamrein AS. Fjellstyret meiner det er grunnlag for å vidareføre hovudtrekka i den gamle kontrakten, men med nokre endringar og tilføyingar, for m.a. å imøtekoma innspel/merknader som er innkomne etter forvarslinga av saka. Fjellstyret kjem difor med følgjande tilbod til ny hamneleigekontrakt:

Med heimel i § 17 i "Lov av 6. juni 1975 nr. 31, om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane", leiger Vågå fjellstyre bort tamreinbeite til Vågå Tamrein AS, og etter desse vilkåra:

1. Beiteområdet omfattar heile Langmorkje statsallmenning med unntak av dei områda som har barskog.
2. Dei områda av statsallmenningen som til vanleg blir beita med bufe, kan ikkje beitast med tamrein i tida frå og med 15. mai til og med 15. september. Sør for Griningsdalsvegen og sør/aust for Sjoa gjeld datoen i tida frå og med 20. juni til og med 15. september.
3. Hamneleiga følgjer prisen på reinskjøtt etter følgjande forhold:  
For den reinen som laget har i produksjonsflokk, dvs. talet på rein etter vinterslaktinga, skal leiga utreknast slik: kr. 1,35 pr. dyr og år gange heilvektsprisen pr. kg kjøtt levert slakteplass, rekna etter gjennomsnittspris for siste års slakting. Kostnader som er direkte knytt til slakteutøvinga på slakteplassen kjem til fråtrekk ved utrekning av «heilvektspris levert slakteplass».  
Leigeprisen gjeld for avtaleperioden. Kwart tredje år, fyrste gong med verknad frå 01.01.2027, har partane rett til å forhandle om ny pris.  
Leigesummen for kvart år skal ukravd betalast med kr. 150.000,- innan 1. oktober, og det resterande innan 15. februar året etter.  
Fjellstyret skal for kvart år ha tilsendt årsmelding og rekneskap til Vågå Tamrein AS.
4. Ved teljing, merking og slakting av rein tek fjellstyret atterhald om rett til å vera representert med ein person for kontroll. Fjellstyret v/dagleg leder skal bli varsla i god tid før slikt arbeid skal utførast.
5. All skade som oppstår både i og utanfor beiteområdet i samband med tamrein er Vågå Tamrein AS sitt ansvar. Vågå Tamrein AS pliktar å påleggje gjetarane til å vera påpasselege i arbeidet sitt, slik at dei som forvaltar barskogen (Langmorkje almenning), dei som har seterkrve/dyrkingsparsell, dei som nyttar seterarbeite eller andre driftsmåtar i fjellet, ikkje blir påførde skader eller ulemper av tamreinen.
6. Dersom tamreinen (gjeld ikkje enkeltdyr) kjem inn i område som ikkje er omfatta av kontrakten, jf. pkt. 1 i avtala, skal Vågå Tamrein AS betale kr. 2.000 pr. dag i ekstra beiteleige. Slik ekstra dagbeiteleige gjeld frå og med tredje dagen etter at reinen er oppdaga og varsla om. Når gjetarane oppdagar slik feilbeiting, skal dei utan opphald varsle fjellstyret v/dagleg leder. Dersom fjellstyret/fjelloppsynet oppdagar feilbeiting skal Vågå Tamrein AS bli varsla på same måte.

7. Tamreinlaget skal ha rett til å reise flyttbare anlegg for merking av kalv og anna arbeid på dei stadene innan området der dette er nødvendig. For reising av hus og andre meir varige anlegg, vegbygging og liknande må tamreinlaget ha løyve frå Statskog SF.
8. Vågå Tamrein AS pliktar til kvar tid å halde ettersyn med reinstrøer og gjerde i det leigde området, slik at desse blir godt vedlikehalde og ikkje blir til fare eller hindring for bufe og annan ferdsel. Det skal til kvar tid vera reint og ryddig ved hytter, reinstrøer og slakteplassar.
9. Dei fast tilsette gjetarane i tamreinlaget skal ha rett til å nytte snøscooter under sitt arbeid med reinen. Dersom det utover dei fast tilsette er behov for å leige ekstra mannskap med snøscooter eller anna motorisert framkomstmiddel, skal fjellstyret v/dagleg leder varslast i kvart enkelt tilfelle.  
For nødvendige installasjonar og anlegg, samt kjøring i Jotunheimen nasjonalpark må det innhenta særskild løyve frå forvaltningsstyresmakta for nasjonalparken.
10. Vågå Tamrein AS kan ikkje drive framleige av beite. Dersom fjellstyret ønskjer å leige ut beite for tamrein til andre, skal Vågå Tamrein AS ha rett til uttale.
11. Denne kontrakten gjeld i 10 år frå 1. januar 2024 og avløyser kontrakten av 1. januar 2014. Vågå Tamrein AS kan i leigetida seie opp denne kontrakten med eitt års varsel. Fjellstyret og Vågå Tamrein AS har rett til å ta opp forhandlingar om endring av punkt i kontrakten i løpet av avtaleperioden.
12. Dersom Vågå Tamrein AS av ein eller annan grunn går til avvikling, eller vil avhende faste installasjonar som t.d. hytter, skal fjellstyret ha fyrsteretten til ei eventuell overtaking av desse etter takst.
13. I tilfelle misleghald av, eller tvist om forståinga og tolkinga av kontrakten, skal tvisten søkjast avgjort gjennom utanrettsleg mekling i ei nemnd med tre medlemmar, der kvar av partane oppnemner ein representant, og den siste representanten skal vere ein sertifisert meklar, godkjent av advokatforeininga.

Saka med vedtak blir varsla på fjellstyret si heimeside på vanleg måte. Frist for eventuelle merknader til tilbodet om ny hamneleigekontrakt blir sett til 20. april 2024.

Pål Grev var inhabil og deltok ikkje i behandlinga av saka.

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå Tamrein AS v/Dag Inge Bakke  
Langmorkje almenning v/Paul Øien  
Jon Gustav Bjørnstad/Aslak Haugen  
Landbrukskontoret i Sel og Vågå v/Torje Bjørke og Per-Ivar Weydahl  
Jotunfjell-Fjordane elghundklubb v/Dag H. Lianes

Vågåmo, 19.03.24

Knut Øyjordet (e.f)